HERØY KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Stad:** | Herøy rådhus, Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 27.02.2014 |
| **Tid:** | 16:30 – 20:45 |

**Medlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Olaug Andreassen | Medlem | AP |
| Janita Iren Westbø Remøy | Medlem | AP |
| Reidun S Myrvågnes | Medlem | AP |
| Svein Gjelseth | Medlem | AP |
| Sofie Mere Arntsen | Medlem | AP |
| Camilla Storøy Hermansen | Medlem | KRF |
| Ole Brubakk | Medlem | KRF |
| Frank Otto Kvalsvik | Medlem | KRF |
| John Nerem | Medlem | KRF |
| Henry Jøsokbakke | Medlem | V |
| Idar Tarberg | Medlem | H |
| Fred Hansen | Medlem | H |
| Richard Klungsøyr Gjerde | Medlem | H |
| Frank Lied | Medlem | H |
| Sigurd Voldsund Nygard | Medlem | H |
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Medlem | H |
| Bjørn Otterlei | Medlem | H |
| Margaret Leinebø | Medlem | H |
| Stian Sævik Elveseter | Medlem | H |
| Karly Ingunn Teige | Medlem | FRP |
| Bjarne Kvalsvik | Medlem | FOLK/SP |
| Kjell Runde | Medlem | FOLK/SP |
| Kaja Runde | Medlem | FOLK/SP |

**Forfall:**

| | | |
|---|---|---|
| Linn-Therese Hansen Sævik | MEDL | KRF |
| Per Kristian Furø | MEDL | AP |
| Arnulf Goksøyr | LEDER | H |
| Tor-Sindre Steinsvik | NESTL | H |
| Malene Frøystadvåg Remøy | MEDL | H |
| Kirsti Hammerø | MEDL | H |
| Marthe Vågsholm Sævik | MEDL | H |
| Stig Arne Helsem Sævik | MEDL | H |
| Dag Kåre Nærø | MEDL | FRP |
| Thor-Sigmund Garvik | MEDL | FRP |

**Varamedlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Runar Stave | Per Kristian Furø | AP |
| Mona Grethe Ryssevik | Linn-Therese Hansen Sævik | KRF |
| Norvald Muren | Arnulf Goksøyr | H |
| Knut Tandberg | Tor-Sindre Steinsvik | H |
| Oddmund Voldsund | Malene Frøystadvåg Remøy | H |
| Signe Sævik Monsen | Kirsti Hammerø | H |
| Hege Nedreberg Vestavik | Marthe Vågsholm Sævik | H |
| Helene Remøy | Stig Arne Helsem Sævik | H |
| Solveig Helen N. Båtsvik | Thor-Sigmund Garvik | FRP |
| Tor Inge Sporstøl | Dag Kåre Nærø | FRP |

**Andre:**

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Prosjektleiar anlegg-/driftsavd. Lene Søvik Huldal
Prosjektleiar Bulyst Camilla storøy Hermansen
Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge
Leiar avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen

Møtet var annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste var sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Tilstades 23 faste og 10 vara, fulltallig.

Rådmannen opna og leia møtet til setteordførar og settevaraordførar vart valde.

Høgre kom med framlegg om Ann-Kathrin (Tine) Storøy som setteordførar og Ole Brubakk som settevaraordførar.

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

> Vedtak:
> Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes vald som setteordførar
> Ole Brubakk vart samrøystes vald som settevaraordførar

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Setteordførar Ann-Kathrin (Tine) Storøy og settevaraordførar Ole Brubakk tok plass.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Janita Westbø Remøy og Sigurd Voldsund Nygard

K-sak 28/14 vart handsama etter K-sak 18/14. Dei andre sakene vart handsama etter oppsett rekkefølgje.

Frank Otto Kvalsvik fekk permisjon frå kl 18:00, etter handsaming av K-sak 19/14.
Stian Elveseter fekk permisjon frå kl. 20:00, etter handsaming av K-sak 24/14.
Camilla Storøy Hermansen fekk permisjon kl. 20:10, etter handsaming av K-sak 25/14.

**Protokolltilførsel:**
Folkelista/SP v Kjell Runde har kome med slik protokolltilførsel i K-sak 20/14:
«Ber om at Fylkesmannen vurderer om oppsitjande verknad skal setjast ut i livet til klage frå Norsk ornitologisk foreining si klage vert endeleg behandla av settefylkesmannen.»

**Interpellasjon:**
Setteordføraren svara på interpellasjon motteke 18.02.2014 frå Bjarne Kvalsvik vedr:
K-sak 101/13: Campus Fosnavåg. Godkjenning grunnavtale.

---

underskrifter

| | | |
|---|---|---|
| Sigurd Voldsund Nygard | Ann-Kathrin (Tine) Storøy<br>setteordførar | Janita Westbø Remøy |

## OFFENTLEG SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 14/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| PS 15/14 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 16/14 | Delegerte saker |
| PS 17/14 | Referatsaker |
| PS 18/14 | Forvaltningsrevisjonsprosjektet. Vedlikehald kommunale bygg |
| PS 19/14 | Tertialrapport per 01.01.2014. |
| PS 20/14 | Avtale med Statens vegvesen - Vegarm frå Myklebust til Campus |
| PS 21/14 | Kommunedelplan for helse og omsorg 2013 - 2020 - slutthandsaming |
| PS 22/14 | Bulyst-prosjektet. Rapportering. |
| PS 23/14 | Pensjonsordning for folkevalde - ny ordning frå 1.1.2014 |
| PS 24/14 | Retningsliner for uønska deltid |
| PS 25/14 | Evaluering av standard på køyregodtgjersle i støttekontakttenesta |
| PS 26/14 | Tidvis overbelegg i sjukeheim |
| PS 27/14 | Fritak frå vervet som varamedlem til Kontrollutvalet |
| PS 28/14 | Kontrollutvalet - Årsmelding 2013 |
| | |
| | Delegerte saker frå avdelingane |
| DS 67/14 | Endre Skorpen - 1/10 - Tilbygg/vinterhage |
| DS 68/14 | Raymond Igesund - 31/185 - Einebustad med integrert garasje |
| DS 69/14 | A. Båtsvik 45/146 - Mellombels bruksløyve for lagebygg |
| DS 70/14 | Knut M. Rafteseth - 56/3 - Flytebrygge |
| DS 71/14 | Mellombels bruksløyve - 4/324 |
| DS 72/14 | Gnr 37 Bnr - Deling grunneigedom til uendra bruk |
| DS 73/14 | Per Hallstein Dahle - 19/2 - 3 Naust i rekke |
| DS 74/14 | Ingjerd Woldstad - 82/13 - tilbygg, garasje og ny tilkomst |
| DS 75/14 | Gnr 45 Bnr 11 - Frådeling av 7 parsellar. |
| DS 76/14 | Kjellfrid og Albin Kvalsvik - 31/69 - Garasje |
| DS 77/14 | Øyvind Kleven 29/177 - Løyve til tilbygg bustadhus |
| DS 78/14 | Søknad om serveringsløyve - Lek Takeaway |
| DS 79/14 | Gnr 29 Bnr 318 - Frådeling av grunn til badeland |
| DS 80/14 | Ferdigattest - 48/22 |
| DS 81/14 | Gnr 29 Bnr 73 og Bnr 229 - Frådeling av veggrunn |
| DS 82/14 | Tømrer Prosjekt AS - 60/382- 2-mannsbustad m/garasje på Moltustranda - Endring av tidlegare gitt løyve |
| DS 83/14 | Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Igangsetting grunnarbeid |
| DS 84/14 | Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Endring av ansvarsrett |
| DS 85/14 | Gnr 14 Bnr 8 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 14 bnr 27 |

| | |
|---|---|
| DS 86/14 | Nils Gunnar Valde - 45/159 - 2-mannsbustad med garasje |
| DS 87/14 | Tømrer Prosjekt as - 80/30 - 2-mannsbustad med garasje |
| DS 88/14 | Fosnavåg Parkering 34/360 - Igangsettingsløyve for montering av heis |
| DS 89/14 | Karl Anton Voldnes 79/55 - Løyve til bustadhus |
| DS 90/14 | Geir Knotten 45/166 - Endring av tidlegare gitt løyve - skifte av ansvarsforhold i byggesak |
| DS 91/14 | Frank Arild Hansen - 4/323 - Endring av ansvarsrett |
| DS 92/14 | Gnr 24 Bnr 23 - Frådeling av bustadtomt |
| DS 93/14 | Tjørvåg Kyrkjegard 53/21,64 - Løyve til nytt klokkehus |
| DS 94/14 | Gnr 37 Bnr 5 - Frådeling av nausttomt |
| DS 95/14 | IMO-senteret 34/219 - Vedtak om lovbrotsgebyr for ulovleg bruk av 2.etg til bustadformål |
| DS 96/14 | Mellombels bruksløyve - 25/47 |

| | |
|---|---|
| | Referatsaker |
| RS 3/14 | AMU-sak 8/14. Særutskrift - Årsrapport AMU 2013 |
| RS 4/14 | ADM-sak 4/14 - Reglement for arbeidsgjevarfinansierte elektroniske kommunikasjonstenester, EK- tenester |
| RS 5/14 | Oppsummering HMS arbeidet 2013 |
| RS 6/14 | Sjukefråvere 4.kvartal 2013 og heile 2013 |
| RS 7/14 | Overordna HMS plan for 2014 |
| RS 8/14 | Protokoll frå møte 07.11.13 i representantskapet SSR |
| RS 9/14 | Protokoll frå møte 10.02.2014 i Kontrollutvalet |
| RS 10/14 | Meldingar - Utskrift til rådmann og Bjarne Kvalsvik |
| RS 11/14 | Interpellasjon - K-sak 101/13: Campus Fosnavåg. Godkjenning grunnavtale |

**Til orientering/drøfting:**

K-sak 18/14: Forvaltningsrevisjonsprosjektet. Vedlikehald kommunale bygg:
Jostein Støylen frå Vest Kontroll møter.

K-sak 22/14: Bulyst-prosjektet:
Prosjektleiar Camilla Storøy Hermansen orienterer.

K-sak 28/14: Kontrollutvalet – Årsmelding 2013
Jostein Støylen frå Vest Kontroll møter.

**Interpellasjon:**

Interpellasjon motteke 18.02.2014 frå Bjarne Kvalsvik:
K-sak 101/13: Campus Fosnavåg. Godkjenning grunnavtale.
(Vedlagt RS-11/14)

## PS 14/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

**Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling.

Bjarne Kvalsvik hadde merknader til saklista om at:

- Interpellasjonen stod ikkje under saklista som politisk sak, men stod i saklista som referatsak og låg vedlagt møteinnkallinga.
  I politisk reglement for Herøy kommunestyre (K-sak 79/12) i § 7 – Saklista står det:
  «Sakene vert handsama i den rekkefølgje dei er nemnde i innkallinga. Interpellasjon og grunngitt spørsmål skal handsamast etter dei andre sakene. Kommunestyret kan gjere vedtak om ei anna rekkefølgje.»
- Innkallinga var underteikna med Tor Sindre Steinsvik som varaordførar i staden for ordførar.

## PS 15/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

**Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til protokollen frå førre møte.

## PS 16/14 DELEGERTE SAKER

**Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## PS 17/14 REFERATSAKER

**Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## PS 18/14 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET. VEDLIKEHALD KOMMUNALE BYGG

### Møtebehandling:

Leiar i kontrollutvalet Gerhard Furø og Alf Marius Grønnevik frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon møtte og orienterte i saka.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014

1. Kommunestyret tek til etterretning forvaltningsrevisjonsprosjektet Konsekvens av manglande vedlikehald av kommunale bygg i Herøy kommune.
2. Kommunestyret vedtek at rådmannen gjennomfører revisjonen sine anbefalingar slik:
    - Kommunen må fullføre kartlegginga av den kommunale bygningsmassen og få dette implementert i sitt FDV-system.
    - Kommunen skal utarbeide ein fleirårig vedlikehaldsplan med tidsperspektiv, samordna med økonomiplan inkl. kostnadar og prioritering. Denne skal bygge på kommunen sine eigne tilstandsvurderingar, forutatt at anbefaling 1 er gjennomført/fullført.
    - Kommunen skal gjennomgå vaktmestertenesta, spesielt med tanke på periodisk tilsyn med den kommunale bygningsmassen.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer til kontrollutvalet om status for gjennomføring av anbefalingane og evt. vidare framdrift innan 20.08.2014.

## PS 19/14 TERTIALRAPPORT PER 01.01.2014.

### Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014

Saka vert tatt til vitande.

## PS 20/14 AVTALE MED STATENS VEGVESEN - VEGARM FRÅ MYKLEBUST TIL CAMPUS

### Møtebehandling:

Lene Søvik Huldal, anlegg- og driftsavdelinga, møtte i saka.

Ap v/Svein Gjelseth kom med slikt framlegg:

> Pkt. 1: Herøy kommunestyre bed administrasjonen hente inn anbod på bygging av vegarm frå FV 654 Myklebust til kulturhusområdet/badeland snarast råd.

Kostnadsoverslag og finansiering skal leggast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd før bygging av vegarma.
Pkt. 2: som tilrådinga frå formannskapet
Pkt. 3: som tilrådinga frå formannskapet

Det vart halde gruppemøte.

Folkelista/SP kom med slik protokolltilførsel:
«Ber om at Fylkesmannen vurderer om oppsitjande verknad skal setjast ut i livet til klage frå Norsk ornitologisk foreining si klage vert endeleg behandla av settefylkesmannen.»

Framlegget frå Ap vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

1. Herøy kommunestyre bed administrasjonen hente inn anbod på bygging av vegarm frå FV 654 Myklebust til kulturhusområdet/badeland snarast råd. Kostnadsoverslag og finansiering skal leggast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd før bygging av vegarma.
2. Herøy kommune godkjenner utkast til avtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen.
3. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

## PS 21/14 KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG 2013 - 2020 - SLUTTHANDSAMING

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 *kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020,* datert 17.1.2014.

## PS 22/14 BULYST-PROSJEKTET. RAPPORTERING.

**Møtebehandling:**

Camilla Storøy Hermansen reiste sitt habilitetsspørsmål då ho er prosjektleiar for Bulyst-prosjektet.
Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Camilla Storøy Hermansen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, pkt. 2 b.

Prosjektleiar Camilla Storøy Hermansen orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

Kommunestyret sluttar seg til handlingsplan 2014 for Bulystprosjektet.

## PS 23/14 PENSJONSORDNING FOR FOLKEVALDE - NY ORDNING FRÅ 1.1.2014

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

Kommunestyret vedtek ny pensjonsordning for folkevalde gjeldande frå 01.01.2014:

- Ordinær tenestepensjonsordning for tilsette

## PS 24/14 RETNINGSLINER FOR UØNSKA DELTID

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

Kommunestyret vedtek:

1. Herøy kommune har som mål at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvernet.
2. «Retningsliner i arbeidet med å redusere ufrivillig deltid», som dei ligg i saksutgreiinga.

## PS 25/14 EVALUERING AV STANDARD PÅ KØYREGODTGJERSLE I STØTTEKONTAKTTENESTA

**Møtebehandling:**

Frp v/Karly Teige kom med slikt oversendingsforslag:

> «Ber rådmannen sjå på timeløna til støttekontaktene, og kome med ei sak til kommunestyret.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til oversendingsframlegget.

Komite for helse- og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

- Evaluering av sak om køyregodtgjersle i støttekontakttenesta vert teken til vitande.
- Standard på dekking av køyreutgifter satt i k-sak 87/12 vert vidareført.

## PS 26/14 TIDVIS OVERBELEGG I SJUKEHEIM

**Møtebehandling:**

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

1. Kommunestyret tek til vitande at det tidvis er behov for å ta inn overbelegg på omsorgssentra
2. Pleie- og omsorgsavdelinga vurderer fortløpande korleis dette kan løysast på ein best mulig måte, der ein tek omsyn til beredskap, folkehelse og driftsmessige konsekvensar

## PS 27/14 FRITAK FRÅ VERVET SOM VARAMEDLEM TIL KONTROLLUTVALET

**Møtebehandling:**

Tilråding frå valnemnda låg føre.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

Sæmund Schjeldrup Helde får fritak frå vervet som varamedlem til Kontrollutvalet som omsøkt.
Ny varamedlem vert vald:
Ove Kåre Remøy

## PS 28/14 KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2013

**Møtebehandling:**

Leiar i kontrollutvalet Gerhard Furø og Alf Marius Grønnevik frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon møtte og orienterte i saka.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.02.2014**

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2013.

**DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

**DS 67/14 Endre Skorpen - 1/10 - Tilbygg/vinterhage 22.01.2014 00:00:00**

**DS 68/14 Raymond Igesund - 31/185 - Einebustad med integrert garasje 21.01.2014 00:00:00**

**DS 69/14 A. Båtsvik 45/146 - Mellombels bruksløyve for lagebygg 24.01.2014 00:00:00**

**DS 70/14 Knut M. Rafteseth - 56/3 - Flytebrygge 16.01.2014 00:00:00**

**DS 71/14 Mellombels bruksløyve - 4/324 22.01.2014 00:00:00**

**DS 72/14 Gnr 37 Bnr - Deling grunneigedom til uendra bruk 25.01.2014 00:00:00**

**DS 73/14 Per Hallstein Dahle - 19/2 - 3 Naust i rekke 27.01.2014 00:00:00**

**DS 74/14 Ingjerd Woldstad - 82/13 - tilbygg, garasje og ny tilkomst 29.01.2014 00:00:00**

**DS 75/14 Gnr 45 Bnr 11 - Frådeling av 7 parsellar. 12.02.2014 00:00:00**

**DS 76/14 Kjellfrid og Albin Kvalsvik - 31/69 - Garasje 16.01.2014 00:00:00**

**DS 77/14 Øyvind Kleven 29/177 - Løyve til tilbygg bustadhus 06.02.2014 00:00:00**

**DS 78/14 Søknad om serveringsløyve - Lek Takeaway 06.01.2014 00:00:00**

**DS 79/14 Gnr 29 Bnr 318 - Frådeling av grunn til badeland 25.01.2014 00:00:00**

**DS 80/14 Ferdigattest - 48/22 27.01.2014 00:00:00**

**DS 81/14 Gnr 29 Bnr 73 og Bnr 229 - Frådeling av veggrunn 12.02.2014 00:00:00**

**DS 82/14 Tømrer Prosjekt AS - 60/382- 2-mannsbustad m/garasje på Moltustranda - Endring av tidlegare gitt løyve 10.02.2014 00:00:00**

**DS 83/14 Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Igangsetting grunnarbeid 29.01.2014 00:00:00**

**DS 84/14 Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Endring av ansvarsrett 29.01.2014 00:00:00**

**DS 85/14 Gnr 14 Bnr 8 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 14 bnr 27 03.02.2014 00:00:00**

**DS 86/14 Nils Gunnar Valde - 45/159 - 2-mannsbustad med garasje 16.01.2014 00:00:00**

**DS 87/14 Tømrer Prosjekt as - 80/30 - 2-mannsbustad med garasje 05.02.2014 00:00:00**

**DS 88/14 Fosnavåg Parkering 34/360 - Igangsettingsløyve for montering av heis 04.02.2014 00:00:00**

**DS 89/14 Karl Anton Voldnes 79/55 - Løyve til bustadhus 31.01.2014 00:00:00**

**DS 90/14 Geir Knotten 45/166 - Endring av tidlegare gitt løyve - skifte av ansvarsforhold i byggesak 10.02.2014 00:00:00**

**DS 91/14 Frank Arild Hansen - 4/323 - Endring av ansvarsrett 22.01.2014 00:00:00**

**DS 92/14 Gnr 24 Bnr 23 - Frådeling av bustadtomt 25.01.2014 00:00:00**

**DS 93/14 Tjørvåg Kyrkjegard 53/21,64 - Løyve til nytt klokkehus 30.01.2014 00:00:00**

**DS 94/14 Gnr 37 Bnr 5 - Frådeling av nausttomt 14.02.2014 00:00:00**

**DS 95/14 IMO-senteret 34/219 - Vedtak om lovbrotsgebyr for ulovleg bruk av 2.etg til bustadformål 14.02.2014 00:00:00**

**DS 96/14 Mellombels bruksløyve - 25/47 12.02.2014 00:00:00**

**REFERATSAKER**

**RS 3/14 AMU-sak 8/14. Særutskrift - Årsrapport AMU 2013**

**RS 4/14 ADM-sak 4/14 - Reglement for arbeidsgjevarfinansierte elektroniske kommunikasjonstenester, EK- tenester**

**RS 5/14 Oppsummering HMS arbeidet 2013**

**RS 6/14 Sjukefråvere 4.kvartal 2013 og heile 2013**

**RS 7/14 Overordna HMS plan for 2014**

**RS 8/14 Protokoll frå møte 07.11.13 i representantskapet SSR**

**RS 9/14 Protokoll frå møte 10.02.2014 i Kontrollutvalet**

**RS 10/14 Meldingar - Utskrift til rådmann og Bjarne Kvalsvik**

**RS 11/14 Interpellasjon - K-sak 101/13: Campus Fosnavåg. Godkjenning grunnavtale**